

Vedk. konsesjonssøknad for Vassendelva kraftverk

Vassendvatnet er blant dei mest besøkte naturområda i Jondal kommune i løpet av eit år.

Hovudgrunnane til dette er den flotte naturen, rekreasjons- og friluftslivsmoglegheitene og at vatnet er lett tilgjengeleg for alle menneske uansett funksjonsevne ved at det går grusveg fram til vatnet. Ein kan køyra,gå,sykla,trilla barnevogn,bruka rullestol eller gå på ski inn til vatnet. Vassendevatnet er eit flott rekreasjonsområde med mange moglegheiter for friluftsliv. Vatnet er ein fin stad for ferdsel med båt/kajakk/kano og fiske i vatnet eller i kulpane i elva som renn ut av vatnet. Det er gode bademoglegheiter både i heimste og inste delen av vatnet. Vinterstid er det mange som tar skituren inn til vatnet eller kryssar vatnet og tar turar innover mot Langhaug og stølar innover i Herandsfjellet. Det er òg gode moglegheiter for skeisegåing når isen er trygg og blank. Turterrenget i området er mangfaldig og variert i vanskegrad. Det er lett turterreng rundt vatnet. Ein kan nytta seg av det merka turkartnettet i Jondal. Det går merka sti opp til vatnet frå Svåsand. Ein kan òg fylgja merka sti over til Krossdalen via Knutstøl eller ein kan fylgja merka løypa inn til Fondastøl eller over Dåren. Det er eit mangfald av turløypemoglegheiter uansett form og alder!

Eg går i mot regulering av Vassendevatnet pga.

1)Miljøskadane

Når Vassendvatnet vert nedtappa, ligg det ei brun,gjørmeaktig stransone rundt vatnet. Reguleringa fører til erosjon. Særleg i den inste delen. På grunn av lav vasstand om vinter i dei tidlegare tappeperiodane har erosjon og sedimmettransport vore stor i inste delen(Åraosen) av vatnet pga. flom ,men også ikkje minst pga. av frost i myrane som då rasar inn i det tomme vatnet.

2)Redusert moglegheit for ferdsel

Eit regulert vatn gjev ulemper for ferdsel med båt i heimste og inste delen av vatnet. Det vert vanskeleg å få båten utpå og det vert uråd å koma inn til dei opphavelege båtplassane inste delen av vatnet som ein har hatt i generasjonar! I starten av tappeperioden var det mogleg å koma inn med båt i den inste delen av vatnet når vatnet var regulert med ned om lag ein halv meter. Dei siste åra har det ikkje vore mogleg å komma inn til båtplassane i inste delen av vatnet på dette tappenivået. Vassendvatnet er langgrunt og ein strandar med båt langt utpå!

3) Redusert moglegheit for friluftsliv og rekreasjon

Eit regulert vatn er ikkje eit flott vatn å koma til. Vatnet mister sin verdi som ein flott rekreasjonsstad! Eit regulert vatn hindrar moglegheitene for fiske i vatnet og i kulpane i elva. Eit regulert vatn hindrar normal bruk av båt/kano/kajakk. Eit reulert vatn har ingen fine badeplassar. Eit regulert vatnet gjev utrygg is.

Konsekvensane av regulering av Vassendevatnet er store for landskap,ferdsel og friluftsliv!

Kommentarar til søknaden:

s.4

«Den øverste delen av elva renner relativt rolig og ommfatter en del kulper og dypere renner.»

Desse kulpane er fine og sikre fiskeplassar. Reguleringa øydelegg desse!

s.4

«Vassendevatnet er regulert per i dag.»

Avtalen om regulering av Vassendvatnet var sagt opp då denne søknaden vart underteikna.

s.15

«Totalt sett vurderes konsekvensene for landskap og friluftsinnteressse til å være relativt små.»

Når Vasssendvatnet vert nedtappa, ligg det ei brun, gjørmeaktig stransone rundt vatnet. Reguleringa fører til erosjon. Særleg i den inste delen. Eit regulert vatn er ikkje eit flott vatn å koma til. Eit regulert vatn gjev ulemper for ferdsel med båt i heimste og inste delen av vatnet. Eit regulert vatn hindrar moglegheitene for fiske. Eit regulert vatnet gjev utrygg is. Konsekvensane for landskap og friluftsinnteresser er store!

s.19

«Dette vil også gjelde for erosjon og sedimenttransport, da dette i hovudsak er knyttet til flom.»

På grunn av lav vannstand om vinter i tappeåra har erosjon og sedimenttransport vore stor i inste delen (Åraosen) av vatnet pga flom, men også ikkje minst pga av frost i myrane som då rasar inn i det tomme vatnet. I starten av tappeperioden var det mogleg å koma inn med båt i den inste delen av vatnet når vatnet var regulert med ned om lag ein halv meter. Dei siste åra har det ikkje vore mogleg å komma inn til båt plassane i inste delen av vatnet på dette tappenivået. Vassendvatnet er langgrunt og ein strandar med båt langt utpå!

I konsesjonssøknaden er det bevisst unngått å nemne problema reguleringa fører til i den inste delen av vatnet!

s.24

«Friluftsliv er viktig for Jondal kommune, og områdene rundt og innenfor Vassendvatnet er populære utfartsområder.»

Jondal kommune har planar om å kjøpa «Søsterhytta» av Helse Fonna.

Denne staden vert òg påverka av regulering-sjå bilete 2

Bileta 2-6 viser korleis landskapet på Vassenden ser ut når vatnet er regulert med 80 cm.



Bilete 1



Bilete 2

Heimste delen av vatnet.

**Område rundt «Søster-hytta»-som
Jondal kommune truleg ynskjer å
kjøpa!**



Bilete 3

Inste delen av vatnet



Bilete 4

Her strandar ein med båten. Ein kjen ikkje inn Åraosen til den opphavlege båtplassen.



Bilete 5

Åraosen er fylt opp med lausmassar!

Skadar av erosjon og sedimenttransport!



Bilete 6

Båtplassen i Åraosen